



Statens vegvesen

Notat

Til: Even Hjelle, Stig Arne Bugjerde
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering av skredområde på Stadlandet		Dok. nr. i Mime:	
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Fjordane v/Stig Arne Bugjerde		Dato: 06.09.2019	
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer: 31130-GEOL-1
Kommune:	Selje	Vegnr.:	Fv633	HP: 2 Km: 2,090
UTM 32V ref.:		EUREF 89		Geoteknisk kategori:
Utarbeida av: Jens Tveit				

Vurdering av skredområde etter jordskred på Stadlandet 30. august 2019

Innleiing

Fredag 30. august gjekk det fleire jordskred på Stadlandet. To av desse råka vegar og førte til stengingar. Begge skred kom på Fv5750 (tidlegare Fv633). Det eine i Morkadalen og det andre ved Honningsvågen. Vegane vart opna i løpet av helga. Onsdag 4.9 vart det utført synfaring av Stig Arne Bugjerde (Vegseksjon Fjordane) og Jens Tveit (Geo- og skredseksjonen). Med på synfaringa var lokal entreprenør Jarle Teige.

Vurdering og tilråding

Situasjon

Fredag 30. august kom det inn kraftige regnskyll på Stadlandet. I følgje lokal entreprenør busett i Årvika har det ikkje vore like kraftige regnbygar i nyare tid. Kart frå Xgeo er vist i figur 2. Nedbør på toppen av Storevarden er i følgje Xgeo gitt til å vere heile 91,6mm i løpet av døgeret. Graf som viser nedbør og temperatur er vist i figur 1.

Intens nedbør med store mengder på kort tid fører ofte til skredhendingar i bratt terreng. Særleg der det blir opphopping av vatn er utsett. Område med tynt dekke av lausmasse over bratt svaberg er også typiske losneområde for jordskred.

Skred Morkadalen

Skredet i Morkadalen gjekk ved Hp 1, Km 5,435. Skredet var ei lita utgliding om lag 30-40 høgdemeter opp i terrenget. Skredet førte til tetting av stikkrenner og blokkerte halve vegbana. Skredmassane som ligg i terrenget kjem i hovudsak frå losneområdet. Det har vore lite erosjon i skredbana. Gras og vegetasjon er fortsett synleg her. Figurane 3 og 4 viser oversikt over området.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Ved store mengder nedbør kan det bli nokre mindre kollapsar i losneområdet grunna bratte kantar i lausmassa. Det er ikkje venta at det vil utgjere nokon fare for vegen, men det er naudsynt å fylgje med i grøfta, for finstoff og vatn kan føre til tette stikkrenner.

Det er tilrådd å stabilisere området der vatnet kjem ned i grøfta. Her er det ei bratt skråning i lett eroderbar lausmasse. Denne bør murast/plastrast med steinmassar for å hindre nærare utvasking. Over erosjonskanten er vegetasjonen uskada, og det bør ikkje gjerast noko. Vassføringa er liten, og så lenge vegetasjonen får vere i fred vil den hindre erosjon og massetransport.


Skred Honningsvåg

Skredet ved Honningsvåg traff vegen ved Hp 2, Km 2,090. Her er det registrert eit jordskred i NVDB frå 2011. Skredet her starta også som ei lita utgliding, men det skjedde nær toppen av Storevarden. Skredet starta om lag 340 meter over havet, medan vegbana ligg om lag 45 meter over havet. Figur 5 viser losneområdet, medan figur 6 viser skredbana. Figur 8 viser kart over området.


Jordskredet gjekk ned i eit tydeleg drensløp, og hadde ein tydeleg kanalisert skredbane ned til om lag 100 moh. I kombinasjon med bratt terreng fører dette til auke i fart og erosjonspotensiale når skredmassane treff lausmassar og ukanalisert område. Det er tydeleg at skredmassane har erodert i lausmassane i lia under fjellsida, men det har også blitt avsett ein god del skredmateriale. Skredløpet og skredbana er godt reinska opp, og massane som ligg att i terrenget er vurdert til å ligge greitt, og det er ikkje tilrådd å ta seg opp i lia med maskinar. Dette vil gjere skade på vegetasjonen og føre til ein dårlegare situasjon enn det er i dag.

Vegen vart fylt av skredmassar, og drenering vart tetta. Dette er opna opp, og det er gravd eit stykke inn i grøfta, samt laga sandfang for å hindre massetransport gjennom stikkrenne. Som vist i figur 7 er det laga ei bratt graveskråning i sandige lausmassar. Denne står ikkje stabilt og det er tilrådd å gjere tiltak for å sikre denne. Skråninga bør slakast ut og det bør leggjast på duk og steinmassar for å hindre vidare erosjon.

Når det gjeld fare for nye skred, så er risikoen i dette området vurdert til å vere om lag uendra. Det er fleire bratte område med lausmasse som kan losne og drenerast ned i same skredløp. Skredhendinga 30. august vart sett i gong av eit særskild kraftig regnver, og under spesielle forhold bør ein ha auka merksemd og mogleg stenge vegen.



Figur 1 - Graf som viser nedbør og temperatur i august og september. Merk stor mengd nedbør 30. august. Kjelde: Xgeo.no



Figur 2 - Kart som viser nedbør i området fredag 30. august. Kjelde: Xgeo.no



Figur 3 - Oversikt over jordskred i Morkadalen



Figur 4 - Oversikt over jordskred i Morkadalen



Figur 5 - Losneområde for jordskred ved Honningsvåg



Figur 6 - Oversikt over skredområde ved Honningsvåg



Figur 7 - Treffpunkt i veg ved Honningsvåg



Figur 8 - Kart over området ved Honningsvåg